

Emnerapport haust 2015: HIS101 Oversyn over eldre historie til 1750

Emnekode og evt. tittel tema: HIS101 Oversyn over eldre historie til 1750

Semester: Haust 2015

Emneansvarlig: Arne Solli

Andre lærere på emnet: Christian Meyer, Ingvar Mæhle, Eldbjørg Haug, Arne Solli og Tomas Slettebø.

Undervisningsopplegget:

Undervisninga består av totalt 30 forelesningar fordelt med ca. 10 på periodar/tema antikken, mellomalder og tidleg moderne tid. Til emnet høyrer også 3 frivillige seminar med masterstudentar som seminarleiarar. I samband med eksamen (heimeeksamen og 2-timers eksamen) blei det også gitt ein eksamensførebuande forelesing

Pensum:

Pensum består av 9 bøker og ein PDF-artikkel (ca. 30 sider) somer tilgjengeleg i fillageret. To pensumbøker er felles med emnet HIS102. For alle bøkene er berre eit utval av kapittel eller sider pensum, og det vil vere ein fordel å redusere talet på pensumbøker slik at større delar av bøkene er pensum. Dette gjeld pensum for periodane etter ca. år 500.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det har blitt gjennomført evaluering i MiSide. Av ca. 210-220 studentar (eksamen/oppmelde) svarte 39. Dette gjev ein svarprosent på 18%, som er relativt lågt. Ved denne typen evaluering kan det vere at dei mest kritiske eller minst fornøgde svarar, i motsetning til evaluering på siste forelesing der truleg dei mest fornøgde deltek og svarar. Tidlegare har evaluering av HIS101 normalt vore på siste forelesing, noko som gjev høgare svarprosent. Med såpass låg svarprosent og ulik innhentingmetode som truleg har følgjer for utvalget, er det vanskeleg å samanlikne resultatet med tidlegare evalueringar. Svara ved evalueringa hausten 2015 viser generelt er studentane er middels eller godt fornøgde med forelesingar og pensum. Heimeeksamen er studentane særst godt fornøgde med og digital eksamen fungerte langt betre enn mange frykta. Samla sett får derfor emnet svært godt skussmål: På spørsmålet om læring svarte 26 av 39 *ganske mykje* og 9 av 39 *svært mykje*, berre 3 av 39 *svarte lite* og 1 *veit ikkje*. I dei opne svara viser også at studentane har konstruktive forslag for å betre forelesingane med innspel på både presentasjonsteknikk og powerpointar.


Eksamensresultat

Det var 285 studentar oppmelde til eksamen (vurderingsmeldt). Av desse leverte 223 (78%) kandidatar leverte heimeeksamen og berre 12 fekk karakteren F (5%). Av dei 211 som hadde bestått heimeeksamen møtte 208 til skuleeksamen (2 sjukmelding). Av dei

som møtte (207) på skuleeksamen fekk 169 bestått. Dette gjev ein strykprosenten på skuleeksamen 19%, som bør reknast som eit godt resultat. Samla sett for heime- og skuleeksamen fekk 75% karakterane A-E (bestått). Det var ein del uvisse kring digital eksamen, noko som kan ha hatt negativ innverknad på deltakinga totalt sett negativt. Dette fråfallet er truleg berre eit innkøyringsfenomen sidan tilbakemeldingane på digital eksamen var særst positive. Dersom digital eksamen hadde ein negativ innverknad på deltakinga, så er det truleg at digital eksamen virka positivt på resultatet. Studentane melde tilbake at det er langt enklare å endre, leggje til og forbetre svara med digital eksamen.

Karakterane viser omtrentleg normalfordeling av karakterane A-E, med unntak av nokre få fleire D enn E. Karaktersnittet er C. Kvinner har eit noko betre resultat enn menn ved lågare strykprosent (18% for kvinner, 23% for menn). Gjennomføringsprosenten er også høgare for kvinner enn for menn (77% av kvinnene møtte, 69% av menn)

Figur 1: Karakterfordeling HIS101, haust 2015



Kjelde: FS580.001 Resultatfordeling HIS101.

Kjønnsproporsjonen på emnet viser at historie er eit «guttefag». Av dei 285 oppmelde var 113 kvinner og 172 menn. Dette er 65 kvinner per 100 menn (Kjønnsproporsjonen). Men sidan kvinnene har både mindre fråfall og mindre stryk er kjønnsproporsjonen 76 (76 kvinner per 100 menn) for kandidatar med bestått eksamen.

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Tidlegare bestod introduksjonen på HIS101 av 3-4 forelesingar. Introduksjonen til emnet HIS101 består no av berre av ein (1) forelesing sidan det nye emnet HIS100 dekkjer delar av introduksjonen til historiefaget som før låg til emnet HIS101. Etter ein innkøyringsperiode for begge emna, bør det vurderast om HIS100 er tilstrekkeleg som

introduksjon til HIS101. Det kan også vurderast om vi vil nytte kjelder og særskild litteratur som vedlegg til heimeeksamen.

Undervisningsfasiliteter:

Auditorium A og B på Sydneshaugen skole er klart for små til forelesingane på HIS101. Tidleg i semesteret er auditoria så tettpakka og studentane må sitje i trappa. Seinare i semesteret er det noko betre plass, men likevel er blir lufta «stinn» i desse trange og små auditoria.